



# Kven, kva og korleis i Noregs Mållag

Eit informasjonshefte for tillitsvalde.



# Velkomen som tillitsvald i Noregs Mållag!

Takk for at du tek på deg arbeidet med å leia eller sitja i styret i laget ditt.

Lokallaga er hjartet i Noregs Mållag, og den lokale aktiviteten er med på å halda nynorsken og målsaka levande. Du har teke på deg ein viktig jobb. Det at Noregs Mållag har folk og lokallag rundt om i heile Noreg, gjer at me veit svært mykje om korleis det står til med nynorsken i alle delar av landet, og at me kan handla når nynorsken vert truga. Men Noregs Mållag er òg ein kulturorganisasjon som skipar til kulturkveldar og gjev ut julehefte, bøker og hefte. Dette spennet er styrken til mållaget, og bae delar er like viktige. Eg håpar du finn deg vel til rette i det nye vervet og at du, saman med styret finn ut korleis de vil driva laget på ein måte som gjer at det er kjekt å driva målarbeid.

Eg ynskjer deg mange fine år som lokallagsleiar og håpar å treffa deg på tilskipingar rundt om i åra som kjem!

Beste helsing  
**Marit Aakre Tenno**  
Leiar i Noregs Mållag

## Innhaldsoversikt

### DEL 1: **KVA ER MÅLLAGET?**

Oppbygging av organisasjonen

Medlemskap i Noregs Mållag

Lokallagsats, fylkeslagsats og sentralsats

Skriverstova - kva kan me gjera for  
lokallaga

### DEL 2: **DRIVA LOKALLAG**

Aktivt lokallag

Samarbeid med andre lokalt

Studiearbeid

Ta kontakt med media

Verving av nye medlemmer

Oppattskiping av lokallag

Økonomi i laget

Årsmeldingsskjema

Årsmøte

# Del 1: Kva er Mållaget?

## ORGANISASJONEN

Noregs Mållag har over 12 000 medlemmer, og er bygd opp av lokallag, fylkeslag, yrkesmållag og eit sentralt styre. Det er om lag 160 lokallag spreidde utover heile landet.

Lokallaga er organiserte i 21 fylkeslag som har egne fylkesstyre. Desse fungerer som samarbeidsorgan og samordnar aktiviteten i dei ulike fylkeslaga. Utsendingar frå fylkesmållaga, yrkesmållaga og Norsk Målungdom møtest i landsrådet, som er eit rådgjevande organ med eitt møte i året.

## LANDSMØTET

Landsmøtet er det høgste organet i Noregs Mållag og brukar å vera i april.

Frå 2014 er det landsmøte anna kvart år, i partalsår. Landsmøtestaden skifter frå gong til gong. Dei siste åra har det vore oppunder 200 innom i løpet av møtet.

Landsmøtet vel styre og leiar, tek standpunkt i målpolitiske saker og peikar ut kursen for det vidare arbeidet. Val av landsmøteutsendingar skal helst skje på årsmøta i lokallaga. Det kan skje på eit medlemsmøte dersom årsmøtet har gjeve fullmakt til det og valet er kunngjort til medlemene på førehand. For å få fulle rettar på landsmøtet må minst ti medlemmer i laget ha betalt medlemspenar, og laget må ha levert årsmelding for året før. Landsmøteavgifta må også vera innbetalt i førevegen.

Det er viktig at lokallag og fylkeslag sender utsendingar til landsmøtet. På den måten får laget ditt større innverknad på det landsomfattande målarbeidet, og er med på å gje målrørsla tyngd utetter. På

landsmøtet kan ein treffa målfolk frå heile landet, drøfta felles røynsler med dei og få ny kveik.

## MEDLEMSKAP

Når ein melder seg inn i Mållaget, blir ein plassert i det geografisk næraste lokallaget. Ein kan fritt velja å vera medlem i lokallag andre stader enn der ein bur. Det er ikkje alle plassar det er fungerande lokallag. I så fall kan ein vera direktemedlem i fylkesmållaget. Vi har også fleire yrkesmållag, til dømes Mediemållaget, Juristmållaget, Noregs Lærarmållag, Medisinsk Mållag og Landbruksmållaget.

Medlemskapen kostar 200 kroner det fyrste året ein er medlem. Etter dette vil prisen variera ut frå kva for eit lokallag ein er medlem i. Medlemskapen kostar i dag kr 280 + eventuell fylkeslags- og lokallagssats. Desse satsane blir vedtekne på årsmøta i laga. Prisen kan variera mellom kr 280 og kr 430. Medlemspengane vil for dei fleste vera på om lag kr 350.

Ein kan velja husstandsmedlemskap dersom éin i husstanden er medlem frå før. Prisen i dag er 140 kroner + eventuell fylkeslags- og lokallagssats. Som familiedlem vil du ikkje få tilsendt *Norsk Tidend*.

Ein del av lokallaga i Noregs Ungdomslag er også medlemmer i Noregs Mållag. Medlemmer i desse laga betaler tilsvarande husstandsmedlemskapen (halv pris av sentralsatsen), men dei får tilsendt *Norsk Tidend*.

Det er lov å vera medlem i fleire lokallag, men då må du betala full medlemsatt til kvart lag. Unntaket frå dette er medlem-

skap i yrkesmållaga. Dersom du er medlem i eit vanleg lokallag, kan du stå som sidemedlem i eit yrkesmållag og berre betala lokallagssats til dei.

## **SENTRAL-, FYLKESLAGS- OG LOKALLAGSSATS**

Sentralsatsen/medlemspengane til Noregs Mållag sentralt vert fastsett på landsmøtet. For 2014 er dei sette til 280 kroner for hovudmedlemskap og 140 kroner for familiemedlemskap og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

Fylkes- og lokallaga har eigne medlemspengesatsar.

Lokallagssatsen er den summen lokallaget ynskjer at medlemene skal betala til lokallaget. Tilrådd sats for lokallaga er 40 kroner. Laga står fritt til å vedta ein annan sum.

Fylkeslagssatsen er den summen fylkeslaget ynskjer at medlemene skal betala til fylkeslaget. Tilrådd sats for fylkeslaga er 30 kroner, men laga står fritt til å vedta ein annan sum.

Noregs Mållag krev inn lokal- og fylkeslagssatsen som ein del av årspengekravet me sender ut til medlemene. Om laget ikkje vedtek nokon sats, nyttar me den satsen som laget sist vedtok. Om me ikkje finn vedtak om dette som laget har meldt inn, nyttar me den tilrådde satsen. Laga får desse pengane utbetalt 1. mars året etter, ofte omtalt som medlemspengerefusjon. **VIKTIG:** Laget må senda inn årsmelding med kontonummer for å få utbetalt pengane.

## **SKRIVARSTOVA**

Skrivarstova er administrasjonen til Noregs Mållag, og ligg på Lilletorget i Oslo. Det er seks tilsette på skrivarstova.

### **Medlemsregisteret**

Skrivarstova fører medlemsregisteret for lokallaga. Det inneber å halda oversyn over alle medlemene i organisasjonen, kva lag dei er med i, om dei har betalt medlemspengar, rett adresse, og å føra inn

nye medlemer og stryka avlidne eller dei som melder seg ut. For å sikra at opplysningane i registeret er rette, sender skrivarstova ut medlemslister til lokallaga eit par gonger i året slik at dei kan kontrollera dei og retta opp feil. Lokallaga kan få oppdatert medlemsliste elles også, når dei bed om det. Me kan senda lista anten elektronisk eller på papir, og lokallaga kan òg tinga adresseetikettar (klistrelappar) for utsendingar dei skal ha sjølve.

### **Ansvar for sentrale tilskipingar**

Skrivarstova har det tekniske og praktiske ansvaret for sentrale tilskipingar som landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og seminar. Skrivarstova held oversyn over kven som er påmelde, gjer økonomiarbeidet, sender ut sakspapir på førehand og eventuelle referat i etterkant.

### **Produksjon av sals- og kampanjemateriell**

Skrivarstova lagar sjølv flygeblad til aksjonar og informasjons-, verve- og profileringsstfang og salstfang. Dersom de har framlegg til materiell Noregs Mållag bør tilby, ta gjerne kontakt.

### **Grafisk arbeid**

Nokre gonger treng lokallaget råd om grafisk profil, bruk av logo og liknande. Skrivarstova kan også hjelpa til med mindre formgjevingsoppdrag, til dømes plakatar og lysingar.

### **Arkiv**

Det er viktig at me tek vare på dokumentasjon for målrørsla. Send gjerne inn lokale årsmeldingar, julehefte, medlemsblad og liknande.

### **Kulturlotteri**

Kvart år lagar skrivarstova til Kulturlotteri. Dette gjev nyttige inntekter til mållaget både sentralt og lokalt.

## Økonomi til lokallaget

Skrivarstova kan gje svar på kva slag lokallagssats lokallaget ditt står registrert med, og kor mykje laget ditt har krav på i medlemspengerefusjon. Me betaler ut lokallagsdelen til kvart enkelt lokallag.

## Økonomisk støttearbeid

Noregs Mållag sender søknader og dermed rapportar til statlege organ og ulike fond kvart år. Mållaget er eigen post på statsbudsjettet til Kulturdepartementet.

## Skulemålskrivaren

Skulemålskrivaren skal hjelpe lokallag som arbeider med skulemålsrøystingar. Han har òg oversyn over lover og reglar som gjeld for skulefeltet. Dersom det er uro om skulemålet lokalt, kan det vera viktig å ta kontakt.

## Nytt om nynorsk

Dette er eit kortfatta nyhende-brev med nytt frå Noregs Mållag og om målsaka. Nytt om nynorsk vert sendt ut jamleg på e-post til dei som ynskjer det. Nyhende-brevet er interessant for både vanlege medlemmer og styremedlemmer. Meld inn nye mottakarar her: <http://www.nm.no/nyhende-brev.cfm>

## Heimesidene

Heimesidene ([www.nm.no](http://www.nm.no)) skal gje nyttig informasjon og inspirasjon til aktive i mållaget, og gje oppdatert informasjon om målsaka. På heimesidene er det eit kalenderoversyn som syner aktivitet og tilskippingar for heile organisasjonen. Meld inn aktivitet til [kalender@nm.no](mailto:kalender@nm.no). Du finn også oversyn over aktive lag i Noregs Mållag, vedtekne program, lover, tidlegare historie og oversikt over dei viktigaste politikkområda. På heimesidene ligg også krambua der ein kan tinga materiell, krus, bøker og anna. Noregs Mållag er også på Facebook, Twitter og Flickr.

## Norsk Tidend

Medlemsavisa *Norsk Tidend* kjem ut fem gonger i året. Me tek gjerne imot tips og framlegg til saker på e-post: [norsk.tidend@nm.no](mailto:norsk.tidend@nm.no)

## TILSETTE:

### Marit Aakre Tenno

Leiar Noregs Mållag  
E-post: [marit.tenno@nm.no](mailto:marit.tenno@nm.no)  
Telefon: 454 71 716

### Gro Morken Endresen

Dagleg leiar  
(sentrale tilskippingar, arkiv, søknader)  
E-post: [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)  
Telefon: 23 00 29 37 / 957 85 560

### Berit Krogh

Økonomikonsulent  
(økonomi, moms, lotteriet)  
E-post: [berit.krogh@nm.no](mailto:berit.krogh@nm.no)  
Telefon: 23 00 29 35 / 920 82 991

### Erik Grov

Organisasjonskonsulent  
(medlemsregisteret)  
E-post: [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)  
Telefon: 23 00 29 30 / 472 49 718

### Hege Lothe

Info- og org.konsulent  
(nettsider, tilskippingar)  
E-post: [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)  
Telefon: 57 86 53 60 / 926 48 348

### Kjartan Helleve

Redaktør *Norsk Tidend*  
(medlemsavis, formgjeving)  
E-post: [kjartan.helleve@nm.no](mailto:kjartan.helleve@nm.no)  
Telefon: 23 00 29 32 / 94 39 79 98

### Ingar Arnøy

Skulemålskrivar  
(skulemålsrøystingar, kurs)  
E-post: [ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)  
Telefon: 23 00 29 36  
975 29 700

## Del 2: Driva lokallag

### AKTIVT LOKALLAG

Det er mangslags aktivitet eit mållag kan driva med. Dette avheng ofte av interessefeltet til dei som er tillitsvalde. For det er viktig å finna aktivitetar de sjølve tykkjer er kjekke. Somme lagar bokkveldar, kulturkveldar, quiz, songkveldar, kompekvteldar eller andre typar sosiale samkomer. Andre lagar opplesingsstunder på biblioteket både for store og små. Eller ein kan driva aktivitet knytt til meir nynorsk i barnehagane, skulemålsarbeid eller arbeida for meir nynorskbruk i kommunale etatar. Somme lagar tidsskrift eller årbok eller liknande, gjerne saman med sogelag eller andre.

Å skulera seg på målsak er spesielt viktig for dei lokallaga som arbeider i det me kallar randsonene til nynorsken. Der er nynorsken under press, og der er det ekstra viktig å styrkja arbeidet for nynorsken i og utanfor skulen.

Med jamne mellomrom lagar Noregs Mållag sentralt framlegg til fellesaktivitetar som passar for lokallag over heile landet. Det kan vera veldig inspirerande å løfta saman med dei andre lokallaga, og merka at me får til meir saman enn kvar for oss. *Norsk Tidend*, Nytt om nynorsk og lagssendingane frå mållaget held lokallaget orientert om aktuelle målsaker, aktivitetar og kampanjar.

### SAMARBEID MED ANDRE LAG

Målfolk som er aktive i mållaget, er ofte aktive i andre organisasjonar og i andre samanhengar. Lokallaga kan utnytta dette fortrinnet til fordel for laget og målsaka gjennom å søkja samarbeid og samar-

beidsprosjekt, slik at laget når lenger. Kanskje det også gjev meir tyngd til arbeidet. Slikt samarbeid kan vera tilskipping saman med folkebiblioteket, samarbeid med lokalavisa om dialektspalte, eller skrivetevling. Å gje ut målpris saman med nokon eller å få til fellesmøte og fellesamlingar eller fellesutspel med andre lokale organisasjonar, er også mogleg. Fleire lokallag har også kommunen som ein aktiv samarbeidspartnar. Det er mykje det er råd å gjera. Ta utgangspunkt i dei ressurspersonane de har i lokallaget.

### STUDIEARBEID

Noregs Mållag er tilslutta Studieforbundet Kultur og Tradisjon (<http://www.kulturogrtradisjon.no/>). Siste åra har ikkje Noregs Mållag sentralt prioritert studiearbeidet, og har heller ikkje laga egne studieopplegg. Dersom laget ditt ynskjer å driva studiearbeid, er heimesida til studieforbundet informativ. Dei hjelper også dei laga som treng det. Styret ynskjer å senda ut diskusjonsopplegg knytt til viktige politikkkfelt for mållaget. Slike diskusjonar framover mot landsmøte og andre hendingar kan vera eit nyttig utgangspunkt for å drøfta politiske saker og setja seg inn i nye saksfelt.

### TA KONTAKT MED MEDIA

Oppslag i media gjer lokallaget kjent. Oppslag gjer det lettare å få kontakt med til dømes folkevalde, butikkeigarar, barnehagetilsette eller lærarar. Her finn du nokre råd om korleis du kan gå fram for å gje frå deg ei sak til lokalmedia.

## Ta ein telefon!

Presenter deg, fortel kvifor du ringjer og kort kva saka gjeld. Om du ikkje får nokon respons med det same, kan du be journalisten vurderer saka og koma attende til deg. Ver gjerne ute i god tid. Journalistane vert meir og meir pressa på tid, og det vert difor viktigare å planleggja arbeidet i lengre tid på førehand. Dersom du alt har kontakt til ein journalist i lokalmedia – avis, fjernsyn eller radio – kan du kontakta denne personen direkte og tipsa om saka. Eit alternativ er å kontakta vaksjef eller redaksjonssjef eller spørja etter nokon i redaksjonen.

## Førebu deg

Tenk gjennom kva som gjer nettopp denne saka interessant for lokalmedia. Skriv gjerne ned nokre stikkord og kva som er den viktigaste budskapet din når du skal fortelja om saka. Vurder gjerne:

- 1) Kvifor er denne saka relevant for lokalmiljøet? (til dømes at mållaget gjev bøker til barnehagane fordi dei vil at ungane skal møta nynorsk i barnehagen).
- 2) Kvifor er dette aktuelt no? (til dømes ein nasjonal kampanje).

## Bilete, informasjon og telefonnummer

Føreslå gjerne kva journalisten kan ta bilete av eller ettersend eigne bilete. Har du meir informasjon, så send det vidare og gje frå deg telefonnummeret ditt slik at journalisten kan ringja deg attende om denne saka, eller seinare saker.

## Du har ingenting å tapa

Somme gonger får du eit ja, andre gonger eit nei. Hugs – media lever av gode tips og gode kontaktar i lokalmiljøet. Ikkje gje opp om du får eit nei. Du kan prøva att med ei ny sak. Eller om avisa ikkje gav plass til saka, kan det henda lokalradioen eller fjernsynet er interessert?

## VERVING AV NYE MEDLEMER

Noregs Mållag har fått fleire tusen nye

medlemer siste åra. Den mest effektive måten å verva nye medlemer på er å spørja folk om dei ynskjer å verta medlemer i Noregs Mållag. Ofte er det slik at folk set pris på å få spørsmålet og at du får eit positivt svar.

## Kvifor bli medlem i Noregs Mållag?

Her er nokre grunnar:

1) Nynorsk har ein solid posisjon i Noreg. I dag er det kring ein halv million nordmenn som reknar nynorsk som sitt språk. Noregs Mållag arbeider for at alle skal få kunna bruka nynorsk og at nynorsk skal kunna brukast når som helst og kvar som helst.

2) Me har fått ei regjering med Høgre og FrP som bae har vedtak på at dei vil gjera sidemål valfritt og endra mållova. Difor vil Noregs Mållag vera ekstra på-passeleg i arbeidet sitt den neste fireårsperioden og følgja regjeringa og Stortinget tett for å sjå til at nynorsken vert hegna om. Fleire medlemer gjer Noregs Mållag til ein sterkare organisasjon i dette arbeidet.

3) Fleire medlemer gjev viktige inntekter til både lokalt og sentralt målarbeid.

4) Mange stader i Noreg er det aktive lokallag som har kjekke aktivitetar det går an å bli med på.

## Bli medlem på SMS!

Den enklaste måten å melda seg inn på er å senda ein sms med teksten NYNORSK til 2490. Prisen som er kr 200 for medlemskap det fyrste året, vert lagt til mobilrekninga, så ein positiv effekt er at dei som melder seg inn på denne måten, betalar med det same.

## Vervekort

Du eller den du vervar skriv sjølv namn og adresse på eit vervekort. Dette kortet er førehandsfrankert og skal sendast til skrifvarstova. Deretter får den nye medlemmen velkomstpakke og giro i posten.

**Flygeblad med giro og anna materiell**  
Noregs Mållag har egne verveflygeblad med giro slik at folk kan melda seg inn ved å betala 200 kroner. Me har også mindre flygeblad og vervekort der det står om sms-innmelding, i tillegg til informasjon om at ein kan melda seg inn via nettsidene til Noregs Mållag.

### **Verving via Facebook eller e-post**

Siste åra er det fleire som har brukt Facebook aktivt til å verva medlemmer til Noregs Mållag, anten ved å senda ei melding direkte til aktuelle kandidatar eller ved å skriva om verving i eigen status. Ein kan også senda spørsmål direkte til folk på e-post.

### **Stand - eit fint kontaktpunkt**

Stand er ei av dei mest brukte aksjonsformene i organisasjons-Noreg. Fordelen er at laget får synt seg fram, i tillegg til at ein får direkte kontakt med folk. Somme får til å verva medlemmer på stand, medan andre får til ein god prat. Både delar er viktige for å vera synleg på ein positiv måte i lokalmiljøet.

De kan tinga materiell frå Noregs Mållag via Krambua på nettsidene til mållaget. Me har til dømes ulike aktuelle flygeblad, *Norsk Tidend*, jakkemerke og ballongar. Avhengig av kva som er på lager, er det også mogleg å tinga standsutstyr og T-skjorter. NB! Hugs å tinga i god tid.

### **Tips og idear**

- Tilbod om gratis kaffi. Vaflar, muffins og kake er også veldig populært.
- Musikk, song eller underhaldning.
- Ordeving eller quiz. Folk skal tippa kva ulike ord tyder.
- Ha gjerne stand når det er torgdagar og andre liknande tilskipingar.
- På private handlesenter er det ulik praksis med å gje løyve til å ha stand. Undersøk på førehand!
- Ein kan koma borti mange diskusjonar når ein har aksjon. Bruk tilfanget

til mållaget aktivt. Lytt til kva dei andre seier og hjelp kvarandre om naudsynt. Ofte oppdagar ein at det er både kjekt og inspirerende å ha aksjon. Folk kjem gjerne bort berre for å fortelja at dei stør saka.

### **ØKONOMI I LAGET**

Å ha god økonomi i lokallaget gjer det både lettare og kjekkare å driva mållagsarbeid. Med litt fantasi, pågangsmot og planlegging kan ein koma svært langt.

### **Opning av konto**

Alle lag skal ha ein bankkonto. For å få lokallagssatsen utbetalt frå Noregs Mållag er laget nøydd til å ha ein eigen konto. Denne kontoen kan ikkje stå på ein privatperson. Når de skal opna ein konto for laget, bør de snakka med banken fyrst, slik at de veit kva som trengst for å få opna kontoen. Dei fleste bankane krev dette for å opna konto:

- Utfylt fullmaktskjema, med personnummeret til den eller dei som skal ha fullmakt på kontoen.
- Referat frå årsmøtet eller skipingsmøtet i laget, der det går fram kven som er leiari og kven som er kasserar.
- Kopi av legitimasjonen til dei som skal ha fullmakt til kontoen.
- Registrering i Brønnøysundregisteret.

### **Rekneskap og budsjett**

Rekneskapan vert nytta til å kontrollera at pengane er brukte på ein god måte. Rekneskapan gjev oversyn over utlegga og inntektene laget har hatt gjennom året. Kasserar tek vare på alle kvitteringar for utlegg og inntekter. Det er vanleg å ha ein revisor som går gjennom rekneskapan og ser til at rekneskapan stemmer. Revisor vel ein på årsmøtet, og personen treng ikkje ha revisorutdanning. Det er valfritt om ein vedtek budsjett på årsmøtet. Men det kan vera nyttig for eit styre å ha eit systematisk oversyn over dei pengane ein reknar med å bruka gjennom året.



## Lokallagssats

Lokallagssatsen gjev eit godt tilskot til basisøkonomien i laget. Årsmøtet kan vurdera å setja lokallagssatsen høgre enn tilrådd sats på 40 kroner.

## Kulturlotteriet

Kvart år lagar mållaget Kulturlotteriet. Nokre lag sel kulturlodd på standsdagar eller kulturkveldar. Eitt lodd kostar 20 kroner, og lokallaga får ni kroner for kvart lodd de sel. Uselde lodd kan sendast attende.

## Tilskot og løyvingar

Somme kommunar gjev stønad til lag og organisasjonar. Det kan vera lurt å undersøkje kva retningslinjer kommunen din har. Fylkeskommunane har ofte ulike stønadsordningar for fylkesmållag. Søk om støtte frå den lokale banken. Det kan vera lurt å bla gjennom Legathandboka. Der er det ei rekkje fond som gjev tilskot til kultur- og målarbeid.

## Målgåver

Fleire lokallag sender ut eigne målgåveopprop til medlemene sine.

## Sal av hefte, bøker og gradestokkar

Mange lokallag gjev ut bøker og hefte av ymse slag. Julehefte, dialektbøker, namnebøker og songbøker er populære. Det ligg mykje arbeid bak dette, men med godt salsarbeid kan det bli gode inntekter. Nokre lag har tent mykje pengar på sal av lokale dialektordgradestokkar. Desse har vorte populære over heile landet.

## Møte og festar

Slike tilskipingar kan gje gode tilskot til lagskassa. Nokre lag har faste tilskipingar som kulturkveld eller bokkveldar kvart år, medan andre lag inviterer til samlingar med meir ujamne mellomrom.

## Lotteri på årsmøte eller kulturkveld

Utlodding er eit populært innslag på

mange møte. Dei fleste synest det er artig å kjøpa lodd, og det er eit godt avbrekk under eit årsmøte, seminar eller ein kulturkveld.

## Grasrot delen

Om du bruker pengar på spel frå Norsk Tipping, vil 5 % av summen gå til grasrotorganisering. Ein kan velja sjølv kva lag eller organisasjon som skal få pengane, men det er berre lokalorganisasjonar som får pengane. Det er om lag 40 lokale lag som har registrert seg. Les meir om dette på [www.grasrotandelen.no](http://www.grasrotandelen.no).

## Organisasjonsmidlar frå sentrallekken

Kvart år vert det sett av organisasjonsmidlar som lokallag og fylkeslag kan søkje på, og få tildelt midlar av styret. Meir informasjon om dette får du frå gro.morken@nm.no

## ÅRSMELDINGSSKJEMA

Alle lag må fylla ut årsmelding og senda inn til mållaget sentralt.

Det finst to årsmeldingsskjema, eitt for lokallag og eitt for fylkesmållag. Desse får du tilsendt i posten og på e-post ved nyttår eller du finn dei på nettsidene. Frist for innsending av årsmeldingsskjema for lokallag er nokre veker før landsmøtet. Fristen blir opplyst samstundes med at me sender ut skjemaet. Gje melding til skivarstova om de skal ha årsmøte seinare enn fristen.

Du kan fylla ut skjemaet på papir eller på datamaskina. Skriv ut, signer og send eitt eksemplar til Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 Oslo. For å levera årsmeldingsskjemaet elektronisk må du lagra på di eiga datamaskin og deretter leggja det ved ein e-post til medlem@nm.no. For at me skal godkjenna elektronisk innlevering, må ho vera sendt frå e-postadressa til leiaren eller skrivaren i laget.

Innlevert årsmeldingsskjema er grunnlaget for å få utbetalt lokallagssats til lokallaget. Dersom eit lag leverer

årsmeldingsskjema etter laget i nokre år ikkje har levert skjema, har laget rett på å få attendebetalt lokallagssats som sentrallekken har kravd inn for dei siste tre åra.

## ÅRSMØTE

Årsmøtet er det høgste organet i lokallaget. Her oppsummerer laget året som har gått. I tillegg vedtek ein dei viktigaste prioriteringane for arbeidet i det nye året. Her er ei hugseliste til kva som bør gjerast i samband med årsmøtet.

### Innkalling

Alle medlemene skal gjerast kjent med årsmøtet. Det kan vera gjennom lysing i lokalavisa, e-post, post eller på annan måte. Det er råd å få medlemsliste og adresselappar frå mållaget sentralt. Fristen for å kalla inn er i følge mønstervedtektene tre veker før møtedato. Laga kan ha andre fristar i sine egne vedtekter.

### Rekneskap

Årsmøtet skal godkjenna rekneskapen, som skal vera gått gjennom av revisor. Revisoren er valt på årsmøtet året før, og personen treng ikkje ha revisorutdanning.

### Årsmelding

Årsmøtet skal godkjenna årsmeldinga frå styret. Det viktigaste med årsmeldinga er å gje eit greitt oversyn over aktiviteten i lokallaget i førre kalenderår.

### Budsjett og arbeidsplan

Mange lokallag lagar ikkje eige budsjett og eigen arbeidsplan, men det kan likevel vera nyttig å drøfta kva laget ynskjer å gjera det komande året og korleis laget kan sikra økonomien for å kunna gjennomføra dei prioriterte oppgåvene.

### Val

Ei valnemnd skal ha førebudd vala. Det vanlegaste er å velja leiar, nestleiar, kassarar, skrivar og éin eller fleire styremedle-

mer. Fordelen er at fleire styremedlemer har faste arbeidsoppgåver frå starten av styreperioden.

### Val av utsendingar til fylkesårsmøte

Det er årsmøtet i lokallaget som må velja utsendingar til fylkesårsmøtet. Det er vanleg med to utsendingar frå kvart lokallag, men dette skal fylkeslaget opplysa om i innkallinga. Her møter de ifrå lokallaget andre engasjerte målfolk innanfor fylkeslaget dykkar.

### Val av utsendingar til landsmøtet

Årsmøtet må ha oppe sak om val av utsendingar til landsmøtet. Utsendingar med vara MÅ anten vera valde av årsmøtet for å bli godkjende, eller årsmøtet må vedta at det delegerer endeleg val til eit seinare medlems- eller styremøte. Noregs Mållag må i tilfelle ha kopi av møtebok som viser at vedtaket er delegert.

### Ramme rundt årsmøtet

Eit årsmøte skal også vera ein sosial møteplass. Difor er det kjekt å leggja opp til noko enkel servering, underholdningsinnslag og tid til sosialt samvere.

### Informasjon til kalenderen på nettsidene

Send melding til kalenderen@nm.no om de vil ha årsmøtet med i kalenderen på nettsidene til mållaget sentralt.

# Mønsterlov

*Denne lova kan vera eit utkast for dei som skal fornya eller laga nye lover til eige lag.*

Lover for . . . . . mållag.

§ 1 . . . . . mållag har til føremål:

a) å samla målfolk i . . . . . til aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,

b) å auka kunnskapen om og vørdnaden for nynorsken og dialektane våre

c) å styrkja grunnlaget for den folkelege by- og bygdekulturen og verna om miljøet i byen/bygda vår.

§ 2. . . . . mållag skal vera innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget . . . . .,

med dei rettar og pliktar eit lokalt mållag har.

§ 3 Arbeidsåret følgjer kalenderåret.

Laget held årsmøte innan utgangen av februar, kunnngjort minst tre veker på førehand. Omfram årsmøte vert halde dersom styret vedtek det eller minst 1/3 av lagsflokken krev det.

§ 4 Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt årspengar for året før.

§ 5 Årsmøtet vel:

a) leiar ved særskilt val kvart år,

b) 4 styremedlemer med 3 varafolk.

Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år.

Varafolk vert valde for eitt år om gongen,

c) ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen,

d) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag dei åra det er det.

§ 6 Styret vel seg i mellom nestleiar, skrivar og kassastyrar, og står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst 3 styremedlemer eller varafolk møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

§ 7 Laget er å rekna som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10. Fylkeslaget kan dessutan rekna laget som nedlagt dersom det 3 år på rad ikkje vert halde årsmøte og sendt årsmelding.

§ 8 Dersom laget vert nedlagt, skal styret i fylkeslaget ta hand om møtebøker og anna eige.

Dersom nytt lag vert skipa og tilmeldt Noregs Mållag innan 5 år etter nedlegginga, skal eiga gå attende til det nye laget. Går det lengre tid, eig fylkeslaget det som er.

§ 9 Framlegg til brigde i vedtektene må vera kjent for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til brigde av §§ 3-9 får 2/3 fleirtal, er det vedtekte. For å endra §§ 1, 2 og 9 krevst samrøystes vedtak.

## KONTAKT:

Marit Aakre TennøI leiar Noregs Mållag  
marit.tenno@nm.no | Telefon: 454 71 716

Gro Morken Endresen | dagleg leiar  
gro.morken@nm.no | Telefon: 23 00 29 37 / 957 85 560

Berit Krogh | økonomikonsulent  
berit.krogh@nm.no | Telefon: 23 00 29 35 / 920 82 991

Erik Grov | organisasjonskonsulent  
erik.grov@nm.no | Telefon: 23 00 29 30 / 472 49 718

Hege Lothe | info- og organisasjonskonsulent  
hege.lothe@nm.no | Telefon: 57 86 53 60 / 926 48 348

Kjartan Helleve | redaktør Norsk Tidend  
kjartan.helleve@nm.no | Telefon: 23 00 29 32 / 943 97 998

Ingar Arnøy | skulemålsskrivar  
ingar.arnoy@nm.no | Telefon: 23 00 29 36 / 975 29 700

Treng du meir informasjon, så ta kontakt  
med oss på skrivarstova.



LILLETORGET 1 | 0184 OSLO  
TLF: 23002930 | E-POST: NM@NM.NO